



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge

Arkivreferanse: 2023/3056-3

### Betalingsatsar 2024 – Gebyr og avgifter

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Saksopplysningar

Saka gjeld betalingsatsar 2024 – gebyr og avgifter.

Saka vart handsama av formannskapet 09.11.2023 og skal til endeleg handsaming i kommunestyret 07.12.2023. Samnanger kommune skifta sakshandsamingssystem 20.11.2023. Saksutgreiinga er skriven i det gamle sakshandsamingssystemet, og følgjer vedlagt.

Framlegget til gebyrliste for 2024 er publisert i Framsikt, på følgjande lenke:

- [Gebyrliste Samnanger kommune 2024](#)

#### Vedlegg

- 1 Saksframlegg - Betalingsatsar 2024 - Gebyr og avgifter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Karl Viken	<b>Arkivkode:</b> FE-10
<b>Arkivsaksnr:</b> 23/401	<b>Løpenr:</b> 23/10612
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.11.2023	072/2023
Kommunestyret		

## Betalingsatsar 2024 - Gebyr og avgifter

### 09.11.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Første del av saka vart handsama mellom sak 071 og 074. Den siste delen av handsaminga samt røystinga i saka, vart gjort etter sak 074.

Odd Arne Haga (Frp) sette innleiingsvis i saka fram framlegg om at ingen gebyrsatsar skal aukast med meir enn fem prosent.

Fungerande rådmann Karl Viken orienterte om at det var eit par skrivefeil (feil prosentsatsar) i rådmannen sitt framlegg i Framsikt, og at desse vil bli retta opp. Han foreslo at det vart lagt inn ein eigen merknad med ei presisering av dette i møteprotokollen, noko formannskapet slutta seg til. Med denne presiseringa vart framlegget til rådmannen samrøystes vedteke. Det vart ikkje røysta over framlegget som Odd Arne Haga hadde sett fram i starten av handsaminga av saka.

### Merknad:

Satsane for påkoplingsavgift kommunalt vatn og avløp – skal vera ein prisauke på 5 %. Satsen for auke i påkoplingsavgift vatn og avløp Eikedalen skal vera 0 %.

### FORM- 072/2023 Vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek gebyr- og betalingsatsar for 2024 slik dei ligg føre i [Gebyrliste - Samnanger kommune 2024](#).

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek gebyr- og betalingsatsar for 2024 slik dei ligg føre i [Gebyrliste - Samnanger kommune 2024](#).

Dokument som ikkje er vedlagt:

### **Saksopplysningar:**

Samnanger kommunestyre skal vedta betalingssatsar for gebyr- og avgifter for 2024.

I 2022 og tidlegare år vart det laga fleire eigne saker på ulike gebyr og avgifter, men med overgangen til Framsikt i 2023 var det naturleg å samle alle betalingssatsane for gebyr og avgifter i ei sak som er linka opp mot gebyrdelen i Framsikt. Her vil ein gjennom budsjetthandsaminga, og etter at budsjettet er vedteke enkelt kunne finne aktuelle satsar på alle område.

Framlegget til rådmannen til betalingssatsar avgifter og gebyr for 2024, er publisert i Framsikt, og ein finn dei under *Gebyrliste* i Framsikt.

Det går fram av gebyrlista kor mykje dei ulike satsane er i 2023 og 2024 og den prosentvise auken. I oppjusteringa av satsane på dei ulike områda i gebyrlista er det i all hovudsak brukt det som har vore normal oppjustering som speglar prisauken frå 2023 til 2024. Den generelle prisauken, på 5%, er lagt til grunn for auke i fleire av gebyrsatsane. For V/A- området er prisauken langt høgare – generell auke på 20 % frå 2023 til 2024 på vassavgift og 45 % auke frå 2023 til 2024 på avlaup.

### **Uttalar frå andre:**

Ingen

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Vurderingar:

Med dette framlegget til kommunale betalingssatsar vil prisnivået i all hovudsak verta vidareført.

Konsekvensar:

Nokre endringar frå 2023 til 2024 utover den generell prisauken. Dette gjeld særskilt sjølvkost-området, kor det no er lite fond å ta av og der prisane må aukast mykje for å balansere mange av områda.

### **Konklusjon:**

Samnanger kommunestyre vedtek betalingssatsar for gebyr og avgifter for 2024 lik gebyrliste i Framsikt.